



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Jan Erik Boge	Arkivkode: FE - 010
Arkivsaksnr: 16/447	Løpenr: 17/8201
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Valstyret		

Søknad om innføring i manntalet for Samnanger kommune Kirsten Langaard

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Tilråding frå rådmannen vil bli lagt fram i møtet.

Dokument som er vedlagt:

Søknad

Dokument som ikkje er vedlagt:

Valhandboka

Kva saka gjeld:

Kirsten Langaard har søkt om å bli innskriveren i manntalet i Samnanger kommune. Ho var tidlegare busett i Samnanger, men har no budd i Sverige i meir enn 10 år.

Reglar om innføring i manntalet for personar busette i utlandet står i punkt 4.5.3 i Kommunal- og regionaldepartementet si valhandbok:

4.5.3 Personar busette i utlandet. Søknad om innføring i manntalet

For norske statsborgarar er det ikkje eit vilkår å vere busett i Noreg på valdagen. Etter § 5 i folkeregisterforskrifta blir det ført eit avgangsregister over dei som flyttar frå kommunen til utlandet. Alle norske statsborgarar som har stemmerett, blir automatisk førte inn i manntalet i den kommunen der dei var registrerte som busette på utflyttingstidspunktet i den første 10-årsperioden etter utflyttinga.

Når utanlandsopphaldet har vart i meir enn 10 år, sluttar den automatiske manntalsføringa. Dei som då ønskjer å delta ved valet, må sende søknad om å bli innførte i manntalet. Søknaden skal sendast til den kommunen der vedkommande sist var registrert som busett.

Ein søknad om manntalsføring skal innehalde ei erklæring om at veljaren framleis er norsk statsborgar. Det er ikkje krav om nokon attestasjon av statsborgarskapet. Erklæringa frå søkjaren er nok. I dei fleste tilfelle skjer søknaden om innføring i manntalet ved at veljaren fyller ut og skriv under på omslagskonvolutten som blir brukt ved utanriks stemmegiving. Søknaden kan likevel fremjast i eit eige brev, jf. vallova § 2- 4 tredje ledd. Søknader som er feilsende, må sendast til rett kommune.

Personar som har stemmerett og har stemt, og som søker om innføring i manntalet fordi vedkommande har budd i utlandet i meir enn 10 år, skal førast inn i manntalet. Slik stemmegiving med søknad må vere valstyret i hende innan klokka 21.00 på valdagen. Sjå nærmare under punktet om valstyret og oppdatering av manntalet.

Vurderingar og konsekvensar:

Søknaden til Kirsten Langaard inneheld ikkje erklæring om at ho framleis er norsk statsborgar. Administrasjonen har som følge av dette kontakta Skatteetaten, for å få avklart om ho er norsk statsborgar. Skatteetaten har ikkje kunne svara på dette. Administrasjonen vil derfor prøva å få kontakt med Kirsten Langaard før valstyret får søknaden til behandling, for å avklara med ho om ho er norsk statsborgar.

Tilråding frå rådmannen vil bli lagt fram i møtet i valstyret 11.09.2017.